



Stord kommune  
Postboks 304  
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Tilbakemelding etter kommunemøte med Stord kommune 2024.

Vi viser til hyggeleg og godt møte med Stord kommune på Stord rådhus 4. desember 2024. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebuide innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale tema som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune, for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følgje opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For administrasjonen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver og roller til kommunen som:

- tenesteytar og myndighetsutøvar
- styring og forvalting
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med Stord kommune har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling. Vi har lagt vekt på informasjon frå kommunen med bakgrunn i at kommunebildet til Stord var grunnlaget for dialogen i møtet. Tilbakemeldinga vår må såleis lesast i den samanhengen.

Kommunedirektør Tommy Johansen innleia med informasjon om kommunen som samfunn, om næringslivet og nye arbeidsplassar, og om eit godt politisk klima. Kommunen set og pris på samarbeidet dei har med Statsforvaltaren. Kommunen har låg arbeidsledigkeit og har eit godt



samarbeid med Aker Solutions. Om lag 6 500 arbeider på verftet i dag og talet blir truleg auka opp mot 8 000 arbeidrarar fram mot 2027. Ein har forhåpningar om at Hordfast blir realisert slik at ein kan oppretthalde driftsnivået på Stord. Gjestearbeidrarar og innpendling til kommunen gjer at skatteinntektene går til andre kommunar, også frå selskapet. Likevel skapar dette rom for andre næringar på grunn av stor aktivitet. Kommunen har ei forholdsvis ung befolkning, men må tilpasse seg situasjonen framover.

### Tenesteytar og myndighetsutøvar

Dialogtema var knytte til omsorgstenester med heilskapleg planlegging for berekraftig utvikling med fleire eldre, fagpersonell med relevant kompetanse, tverrfagleg innsats, fastlegesituasjon og miljøretta helsevern.

Kommunalsjef Anne Karin Fossdal orienterte om tenestene. Rehabilitering og helse og omsorg er eit prioritert område i kommunen der ein har gode tenester og høg kompetanse. Dei ulike tenestene merkar at tidene blir vanskelegare og at ting er i endring. Det er utfordrande å få på plass all kompetanse det er krav om, samstundes som forventningane er aukande. Kommunen har hatt ei auke mellom anna med brukarstyrt personleg assistanse (BPA). I forhold til framskrivingane til Statistisk sentralbyrå (SSB) er det behov for 64 nye institusjonsplassar innanfor pleie og omsorg framover mot 2030. Kommunen gjer endringar som utfordrar på prioritering, alle kan ikkje lenger få tenester.

Fastlegetenesta er pressa. I september var det 350 personar heilt utan fastlege. I oktober var talet null, før det igjen er svakt stigande. I tillegg er det ei betydeleg venteliste for å få byta fastlege. Kommunen opplever at det er vanskeleg å rekruttere legar og har etablert ein tiltakspakke for dette arbeidet. Det blir opplevd at det er ein uheldig konkurranse situasjon mellom kommunane på dette området, der kommunane overbyr kvarandre for å få tak i folk. Det er og slik at innbyggjarar i nabokommunane jobbar på Stord, og brukar då Stord sine fastlegar. Situasjonen blir opplevd som vanskeleg. Kommunen har og store utgifter til vikarar innanfor dette fagområdet.

Kommunen samarbeider med Bømlo og Fitjar når det gjeld barnevern. Internt i kommunen har ein eit godt samarbeid om tenester til barn, unge og deira familiær, og kommunen har ein låg andel når det gjeld bruk av institusjonsplassar. Ein ønskjer å ha barna på Stord i eigne bustader, og BTI og laget rundt barnet er viktig.

Sjølv om helse, omsorg, sosial og barnevern ikkje var vurdert i kommunebildet, hadde likevel ass. fylkeslege Linda Svor i møte med kommunen i forkant av dialogmøtet. Fastlegeordning og miljøretta helsevern vart drøfta, og sett opp imot det forventningsgapet som ligg i kommunen sitt ansvar knytt opp til lover og forskrifter.

Kommunalsjef Mariann J. Hilt orienterte om tenesteområde oppvekst og kultur, og om utviklingsehov og utfordringar i åra framover. Samla er det mange kommunale skule- og barnehageeininger på Stord. Det er og private barnehagar og ein privat skule. Beredskapsavdelinga jobbar no med ROS-gjennomgang spesielt innanfor desse einingane. Tiltaksoversikt knytt til risiko skal inn i planane.

Kommunen jobbar godt med integrering, og ein inkluderande arbeidsplasskultur for innvandrarar. Stord kallar dette – alle med heile vegen!

Tidlegare vart SFO driven etter sjølvkostprinsippet. Etter at det vart innført gratis kjernetid og søskenmoderasjon, har dette utfordra økonomien i kommunen. Når det gjeld lærararar opplever



kommunen at dei får gode søkerarar, og at det er god kompetanse blant lærarane. Utfordringa blir å bemanne ned i forhold til elevtala framover.

Kommunen har og eit godt samarbeid med PPT. Dette er nødvendig utifrå at ein ser endringar knytt til elevane sin motivasjon, utanforskap, skulefråvær knytt til psykisk helse og ein foreldregenerasjon som har vanskeleg med å setje grenser. Mange individuelle rettar blant elevar skapar også utfordringar i det daglege.

Statsforvaltaren møter kommunen i arbeidet med tilsyns- og klagesaker. Kommunen har ein dyktig administrasjon på området, og samarbeidet vert opplevd som godt. Vi erfarer og at pliktrettane har auka mykje dei siste åra.

### **Styring og forvaltning i kommunen.**

Dialogtema var kommuneøkonomi, eit endra utgiftsbehov og økonomisk styring og prioriteringar framover.

Økonomisjef Marianne H. Aarbø orienterte om den økonomiske situasjonen. Renteoppgangar, koronakompensasjon som no er teke vekk, energibehov og aukande prisar, har ført til auka kostnader. Kommunen opplever også auka utgifter innanfor oppvekst- og helseområda. Det er nødvendig å gjere grep med varige omstillingar/endringar. Lånegjelda er høg og dette er utfordrande i tider med renteoppgangar. På investeringssida opplever ein store VAR-utfordringar og vedlikehaldsetterslep. Kommunen meiner dei er underfinansiert på mange område.

Det er bra at kommunen er aktiv og vil delta i eit nytt pilot-nettverk – Berekraftig økonomisk omstilling, i regi av Statsforvaltaren i Vestland og KS Vest. Vi håpar dette kan gi nokre rammer for arbeid og innspel til gode prosessar, for at kommunen kan gjere dei nødvendige omstillingane som trengst framover.

### **Samfunnsutvikling og demokratisk arena**

Dialogtema her var om miljø og klima – naturmangfald, arealbruk, vatn og avløp, og kommunal planlegging.

Plansjef Lovise Vestbøstad orienterte om sektoren generelt, og om ny brannstasjon. Einingsleiar for tekniske tenester Arne Bjelland orienterte om at vatn og avløp skal skiljast ut i eit eige selskap frå første halvår 2025. Kommunen opplever at det er god dialog med Statsforvaltar, spesielt innanfor avløpssektoren. Dei jobbar med reservevassforsyning, som skal vere klart innan 2030, og nytt sekundærreinseanlegg for avløp. Planen frå 2015 var å bygge 4 primærreinseanlegg; berre eitt er bygd. Med krav om sekundærreinseanlegg ser ein no på å samle alt avløp til eitt slikt anlegg. Det er vidare ynskjeleg å få etablert mellombelse slamavskiljarar ved dagens utsleppspunkt for å imøtekome krava inntil sekundærreinseanlegget er på plass.

Samarbeid med vertskommune Fitjar på landbruksområdet er avslutta. Stord kommune sa opp avtalen. Eit viktig incentiv var å få ned kostnadene, og kommunen har forventningar om at tenesteområdet må kunne driftast innanfor dei tildelte økonomiske rammene gitt i rammetilskotet. Det er viktig at forventningsbrevet frå Statsforvaltaren ikkje set høgare forventningskrav enn dei økonomiske rammene frå Staten tilseier. Det er vidare rett at det er lite omdisponering av landbruksareal i kommunen.



Når det gjeld kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og arealstrategi så tek dette utgangspunkt i: grøn by – senterstruktur – bustadområde og næring (kompetansenæringar). Kommunen gjennomfører planvask både på arealdelen (KPA) og i reguleringsplanar. Spørsmål som kom opp er dersom gamle planar blir erstatta av ny KPA – kan ein då sende SMS-varsel til innbyggjarane ved oppheving av RP? Statsforvaltaren tek spørsmåla med seg vidare til diskusjon. Kommunen har mykje av boreal regnskog, og strandsone. Det blir vanskeleg dersom kommunen må ta ivare alle desse områda.

Klimaområdet i kommunebildet er retta til middels og har gul farge. Det blir elles oppmoda om å ha dialogmøte der ein kan drøfte og kvalitetssikre planarbeid som er under utarbeiding. Kommunen skal revidere heilskapleg ROS, og kan ta kontakt med Statsforvaltaren si beredskaps- eller planavdeling dersom det er spørsmål til dette.

Statsforvaltaren v/beredskapsavdelinga hadde i november ein debatt med kommunane om det lokale totalforsvaret, der det mellom anna vart peikt på manglande finansiering som eit problem når det no (truleg) kjem større forventningar til kommunane. Statsforvaltaren tek desse signala med seg i det vidare arbeidet om dette.

Meir interkommunalt samarbeid kan vurderast. Kostnaden med dette blir ofte for høg av di kommunen har lågare inntekter per innbyggjar enn nabokommunane.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Marit Lunde  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*